



SAKSFRAMLEGG

| | |
|-------------------------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar: Karin H. Steinsland | Arkivkode: FA-A20 |
| Arkivsaksnr: 14/352 | Løpenr: 14/2425 |
| Sakstype: Politisk sak | |

| SAKSGANG | | | |
|--------------------------------|------------|---------|----------|
| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr. | Saksbeh. |
| Utvalet for oppvekst og omsorg | 20.05.2014 | 005/14 | KHS |
| Kommunestyret | 18.06.2014 | | KHS |

TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN 2013/ 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

....

Dokument som er vedlagt:

Tilstandsrapport 2013-2014

Dokument som ikkje er vedlagt:

Opplæringslova

Kva saka gjeld:

Det er fastsett i Opplæringslova § 13-10 at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar.

Vurderingar og konsekvensar:

Rapporten om tilstanden i opplæringa skal omhandla minst læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Gjennomføring av undersøkinga om elevane sitt miljø vart i 2013 flytta frå våren til om hausten. Denne siste elevundersøkinga er enno ikkje tilgjengeleg på skoleporten på eit nivå som kan samanlikna resultatata med førre år. Dato for offentleggjering har vore utsett fleire gongar, og er no sett til 16.mai 2014.

I St.meld.31 framgår det at det er viktig at styringsorgana i kommunane har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Det følgjer av forarbeida til bestemmelsen i Ot.prp. 55 (2008-2009) at det skal vera muleg å tilpassa arbeidet med den årlege tilstandsrapporten til det ordinære plan-, budsjett – og rapporteringsarbeidet hos skuleeigar. I 2011 og i 2012 vart tilstandsrapporten for grunnskulen i Samnanger drøfta i utval for oppvekst og omsorg.

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Til dei nasjonale målsettingane har regjeringa stilt opp indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdera kor langt skuleeigar er kommen i å nå måla.

Det generelle systemkravet

Skuleeigar si plikt til å utarbeida årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), Jf opl § 13-10 andre ledd. Kravet til internkontroll omfattar alle plikter som ligg på skuleeigar etter lov og forskrift. Det er viktig å merka seg at det generelle systemkravet derfor er vidare enn det som tilstandsrapporten dekkar.

Personvern

Tal som vert lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalda indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vera opplysningar som etter forvaltningslova § 13 og/eller etter personopplysningslova § 2 nr.1, er underlagt teieplikt. Tilsvarande gjeld også for lokale indikatorar. Det er så få elevar på trinna i Samnanger, at det er fare for indirekte identifisering av elevar. Tilstandsrapporten vert derfor ikkje lagt ut offentleg.

Konklusjon

Resultata på nasjonale prøver i dei grunnleggjande ferdigheitene og avgangresultata for 10.trinn viser jamt over ein god grunnskule i Samnanger. Både leiinga og personalet har fokus på det som skjer i klasserommet, på elevane si utvikling og utbytte.

Læringsmiljøet har stor innverknad på læringsresultata, det gjeld relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elev.

Skulane har interne system for teammøte og fellesmøte, med rom for erfaringsdeling og profesjonell refleksjon. Skulane skal vidareutvikla lærande, kunnskapsutviklande møte.

Tilpassa opplæring og spesialundervisning gir framleis utfordringar både økonomisk og organisatorisk. Skulane skal i samarbeid med PPT ha fokus på tidleg innsats og å bruka ulike metodar meir bevisst i den ordinære opplæringa. Kommunen har spesialpedagogisk kompetanse. Denne kompetansen brukast også i den ordinære opplæringa.

Ei større utfordring er å ha god og stabil fagkompetanse i alle fag på ungdomsskulen, som no har forholdsvis få tilsette pedagogar. Med innføring av valfag igjen, frå hausten 2014 på alle 3 trinna, er det òg behov for kompetase i desse praktiske faga.